



Klart for opptak i Rosendal

Koristane i Røyserett for alle har ei stri helg, dei syng inn 24 songar frå repertoaret sitt på ein CD. Innspelinga finn stad i Samfunnshuset i Rosendal og vil truleg ta 20 timar fordelt på dei 3 dagane som dei sangglade har bevilga seg.

Då uskedalen.no var tilnærma lydfri tilhøyrar i ettermiddag var koristane tydeleg slitne, men det gjekk definitivt ikkje ut over songkvaliteten. Så var da også dirigenten, uslitelege Maria Malmsten, svært imponert over dei.



[Lars Storegjerde tek seg av det tekniske](#)

Omtrent halvparten av repertoaret til det dyktige koret, som har songarar frå heile Kvinnherad men base i Uskedalen, blir å finna på CD-en. Også det koret song før Maria overtok ansvaret for 5 år sidan vil vere representert og spennvidda er stor - det når frå Beatles til ein svensk julesong!



Tekniske utfordringar opptrer gjerne under slike innspelningar. Her lagar Storegjerde ein improvisert lydskjerm for solist Rebaudo.

- Dokumentasjon er det vanlege svaret når ein spør songarane om grunnen til denne satsinga, men dei legg beskjedent til at dei håpar det blir mogleg å få selt nokre eksemplar.

Men dei slår sanneleg ikkje stort på. Koret opererer med eit anslag på 25.000.

Dei innrømmer at det ikkje vil halda og er innstilte på å ta meirkostnaden på eigen kjøp.

Dei har ikkje gått utanom Kvinnherad for å få teknisk hjelp, den er det mangfaldige Lars Storegjerde frå Løfallstrand som står for.

Koret viser med dette at det

ikkje er nødvendig å søkja andre stader for å laga eit musikalsk produkt med kvalitet.

Ein framstøyt til andre synte da også ein for

stor kostnad. Prosjektet har heller ikkje sponsorar, i alle fall ikkje førebels.

Men om koret held ei låg økonomisk profil er den musikalske tilsvarande høg.

Opptaka i Rosendal er prega av den perfeksjonisme og presisjon som Maria Malmsten står for. Her blir det satsa på kvalitet og det gjeld også solistar og musistar.

To lovande solistar kjem utanfrå - det er Marias dotter Tiril Eirun Einarsdotter (13) og uskedelingen Aleksander Rebaudo (17).

Han song to songar med koret i ettermiddag - ein bånsull og den svenske 'Jul, jul'.og var så flink at koret klappa for han.

Musikargruppa som har vore med er Frode Kaldestad, Ove Eikemo og Jan Arthur. Kalsaas.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen